Saka om reinsing av sjøbotn er ei viktig sak for dei fleste av verfta i Møre og Romsdal. Her kan det kome store kostnader for dei involverte verfta. Derfor må vi samarbeide for å få løyst denne saka. Dette arbeidet har gått føre seg i to år. Her har det og vore fleire møter med statsråd Rotevatn og med Miljødepartementet og også Miljødirektoratet. Vi ventar på svar frå Miljødirektoratet.
Dette er ei sak vi fortset å arbeide med saman med ROR.

SR er og meir aktive på uttalar i viktige saker som vert sendt både til regionale organ og til sentrale organ. Saman med møter med sentrale politikarar er dette måten og arbeide på. Samarbeid er sentralt i dette, samarbeid mellom regionråda, med andre regionar når det er aktuelt og sjølvsagt med fylkeskommunen.



*Frå presentasjonen av høyringssvaret til NTP frå SR, ROR og NHO i februar 2020*

Sunnmøre Regionråd er også med i ei fylkeskommunal arbeidsgruppe for statlege arbeidsplassar. Dette arbeidet har lege litt nede ei stund etter at leiaren gjekk over i ei anna stilling. No er det starta oppatt også fordi SR/ROR/IPR har pressa på. Dette er eit viktig arbeid for heile regionen vår.

15

# 8. Samarbeidsområde

## 8.1 Helse

Heile vegen frå starten på Sunnmøre Regionråd i 2012 har helse vore er eit samarbeidsområde der alle kommunane på Sunnmøre deltek. I 2011 etablerte den gong Ålesundregionens Utviklingsselskap (ÅRU) eit nettverk av helseleiarar frå kommunane som sidan har hatt faste møter typisk 5-6 gongar i året. Bakgrunnen for at regionrådet engasjerte seg i samarbeidsområdet helse var samhandlingsreforma «Rett behandling – på rett stad – til rett tid».

Helse er som kjend eit av dei største ansvarsområda innan kommunal tenesteproduksjon. Samarbeidet i Sunnmøre Regionråd er ikkje eit samarbeid om sjølve tenesteproduksjonen, men om å ivareta kommunane sine felles interesser i samarbeidet med statsforvaltinga på helseområdet, m.a. Helse Møre og Romsdal HF, Helse Midt-Norge RHF og Helseplattformen.

Helse som samarbeidsområde i regionrådet har element av både fag og politikk, og samhandlingsgruppa koplar på styret i regionrådet i saker der ein må arbeide politisk for å ivareta kommunane sine interesser.

Samarbeidet innan helse i regionrådet er noko både store og små deltakarkommunar i regionrådet har god nytte av, fordi summen av den helsefaglege fagkunnskapen i kommunane er større enn i kvar kommune. Slik vert kommunane saman ein betre fagleg match for helseføretaket, og politisk vert kommunane «saman sterk». Sjukehusa er typisk lokalisert til by/bygdeby, og det er viktig med god politisk støtte i omlandet i kampen om utvikling av sjukehusa.

Samhandlingsgruppa bidrar også med faglege råd til dei som forhandlar for sunnmørskommune (kommuneoverlege Volda og kommuneadvokat Ålesund) ved revisjon av samhandlingsavtalen.

I 2020 vart det handsama 23 saker på 5 møter i samhandlingsgruppa. Blant sakene som vart handsama var reforhandling av samhandlingsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane (fokus var på samhandlingsstrukturen) og Helseplattformen.

Sunnmøre Regionråd er i medhald av samhandlingsavtalen mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal sekretariat for både Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde og Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde. Oppgåvene til desse utvala går fram av samhandlingsavtalen mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal.

Det var til saman 5 møter i desse utvala i 2020, 4 i Volda sjukehusområde (37 saker vart handsama) og 1 i Ålesund sjukehusområde (14 saker vart handsama).

## 8.2 Kompetanseutvikling og utdanning for barnehage og skule

Barnehage og skule er eit stort og viktig område for kommunane i forhold til tenesteproduksjon. Frå 2010 har kompetansebygging og utdanning i barnehage og skule vore eit samarbeidsområde på nordre Sunnmøre. Først i Ålesundsregionens utviklingsselskap ÅRU og sidan i Sunnmøre regionråd IKS. Torunn Måseide har vore tilsett sidan 2010 og Nils Magne Abelseth sidan 2014. Målet for samarbeidet:

> *Å sikre kvalitets- og kompetanseheving og fagleg og organisatorisk utvikling i barnehage og skule.*
> *Å bidra til å skape ein sterk og berekraftig kompetanseregion på Sunnmøre.*

Pandemi og nasjonale smittevernstiltak har skapt utfordingar i forhold til å gjennomføre planlagde kompetansetiltak i regionen i 2020. Mange av dei fysiske samlingane måtte skje digitalt. Men det positive er at det har vore mykje læring på fleire område, ikkje minst har desse endringane gitt mykje ny digital kompetanse både i barnehage og skule og i regionen.

16

**Organisering:**
Prosjektet har eit arbeidsutval som er felles for barnehage og skule. Det er valt av eit regionnettverk som består av kommunalsjefar og rådgivarar innan oppvekst frå kommunane på nordre Sunnmøre. I arbeidsutvalet sit det i dag representantar frå Ålesund kommune og Sula kommune. Barnehage og skule har utarbeidd felles strategiplan og fleirårig kompetanseplan. Handlingsplanar for kvart år blir utarbeidd i samarbeid med Høgskulen i Volda.
I løpet av 2020 var det 9 møter i Arbeidsutvalet (AU) og 4 møter i regionnettverket.
PPT- Pedagogisk Psykologisk Teneste har hatt fast medlem i AU frå mai 2020. Sunnmøre regionråd har innkalling, referat og oppfølgingsansvar for arbeidsutval og regionnettverk.

**Politiske føringar:**
Regional kompetanseutvikling for barnehage (Rekomp) og desentralisert kompetanseutvikling for skule (Dekomp) gir regionane styring med og ansvar for kompetanseutvikling og utdanning i barnehage og skule.
Denne nasjonale ordninga er laga for å møte kompetansebehov i regionen. Kartlegging av behov er derfor ei sentral oppgåve.

**Samarbeidspartar:**
For å møte desse behova og bygge kompetanse på ein god måte er det viktig å ha gode samarbeidspartar. Våre samarbeidspartar er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Høgskulen i Volda, NTNU i Ålesund og NTNU i Trondheim og Dronning Mauds Minne.

**Rekomp 2020:**
Det har vore store utviklingsarbeid i fleire av kommunane i regionen. Dessutan har ein hatt fokus på digital kompetanse i barnehagane i regionen. Her har Høgskulen i Volda utarbeidd ei undersøking der både kompetanse og utstyr har fokus. Etter kartlegginga blir det gitt kompetansetilbod i profesjonsfagleg digital kompetanse til alle barnehagane. Det å utdanne fleire barnehagelærarar er viktig for regionen og det er gitt tilretteleggingsmidlar for å stimulere til å ta utdanning for å bli barnehagelærar. Dessutan arbeider det mange utan godkjent utdanning i barnehagar i regionen og det har blitt arrangert opplæring for desse for at dei skal forstå grunnleggande reglar, lovverk og ordningar for å kunne arbeide i barnehage.

**Dekomp 2020:**
Digital kompetanse: I løpet av 2020 har ein innanfor Dekomp gitt 70 lærarar frå alle kommunar i regionen grunnleggande kompetanse i programmering i samarbeid med NTNU i Ålesund. I samband med denne skuleringa søkte regionen i samarbeid med Ålesund kommune om støtte til kjøp av digitale verktøy via Utdanningsdirektoratet og Den Teknologiske Skulesekken. Utstyr var nødvendig for å kunne bruke ny kompetanse i klassene med elevar. Vi fekk 2.2 million som blei fordelt på kommunane. Ålesund kommune fekk 1,1 million.

I 2020 starta ein også på opplæring i profesjonsfagleg digital kompetanse som er grunnleggande digital kompetanse for heile skulen der alle må delta. Opplæringa skjer i samarbeid med Høgskulen i Volda. Dette er eit tilbod til alle skular i regionen.

Leiargruppesatsinga som starta i 2019 for 230 leiarar frå alle skulane i regionen heldt fram i 2020. Samlinga 29-30. januar var fysisk, men samlinga i september var på Teams. Leiargruppesatsinga skjer i samarbeid med Høgskulen i Volda og gir både teoretisk og praktisk bakgrunn for å vere leiar i skulen. Det er Kunnskapsløftet K-2020 med fagfornying og nye læreplanar som er ramme for leiarsatsinga.


*Nokre bilete frå Samling 2 i Leiargruppesatsinga i Loen 29.-30.januar-2020.*

17

**Utdanningskrav**
Det har blitt gjennomført kartlegging av behov i forhold til formelle utdanningskrav for lærarar i både barnehage og skule. Regionen har møtt desse behova ved å legge til rette for tilbod lokalt
GSI-statistikken for skule viste eit stort behov i forhold til Kompetansekrav-2025-KfK. Her vil ein auke kompetansen for å kunne undervise lovleg i hovudfaga matematikk, norsk og engelsk. Ein har fått lagt tilbod til regionen slik at kommunar og studentar sparer pengar og tid.

**Utdanning Barnehage:**
Teori til fagbrev: Eit stort behov er avdekt og mange tek denne teorien på kurs arrangert av Sunnmøre regionråd.

Styrarutdanning: Det er lagt ned eit omfattande arbeid for å få lagt denne utdanninga til vår region. I ein anbodsrunde frå Utdanningsdirektoratet viste det seg at ingen Høgskule eller Universitet mellom Bergen og Trondheim fekk dette tilbodet.
Etter forhandlingar med Dronning Mauds Minne Høgskule og UDIR, fekk ein seint på året beskjed om at det skulle leggast eit studium til Ålesund frå hausten 2021!

**Utdanning skule:**
Kompetanse for kvalitet (KfK): Det er stor interesse for desse faga og tre fag vart gjennomførde i Ålesund.

Rektorutdanning: Tredje kullet i vår region vart gjennomført og avslutta til jul dette året.
Ca. 60 stk. gjennomførte studiet og no har meir enn 100 rektorar tatt denne utdanninga.

**Munnleg eksamen:**
Sunnmøre regionråd har tatt på seg ansvaret for tilrettelegging og gjennomføring av munnleg eksamen for alle 10. klassingar på nordre Sunnmøre.
Året 2020 vart spesielt då alle eksamenar vart avlyste denne våren. Arbeidet måtte likevel gjerast.

**Intensjonsavtale**
11. desember 2020 Inngjekk Sunnmøre Regionråd ein intensjonsavtale med NTNU i Ålesund. Det gir oss høve til å samarbeid om prosjekt der det er naturleg.



*Høgtidleg underskriving av intensjonsavtale.*

**God utdanning.**
Utdanning er nøkkelen til utvikling. Det opnar ei verd av moglegheiter som gjer at kvar einskild av oss kan bidra til eit berekraftig samfunn. FN sitt berekraftsmål nr. 4 er God Utdanning. Det handlar ikkje berre om retten til skulegang. Det handlar også om at kvart barn og kvar elev har rett til gode leiarar og gode lærarar og kvalitet i læring, danning og undervisning. Dette er vårt fokus for at vi saman kan bygge ein berekraftig region.

Torunn Måseide, Utviklingsrettleiar Sunnmøre regionråd
Nils Magne Abelseth, Pedagogisk koordinator, Sunnmøre regionråd








18

# 8.3 Energieffektivisering

## Årsmelding for Energieffektivseringsprosjektet i regi av Sunnmøre regionråd i 2019

**Digitale møter:** Som fylgje av korona pandemien har det i 2020 vore mange digitale møter som vi på mange måtar opplever som effektiviserande. Dette på grunn av at vi har kunna arrangert møte på tvers av kommunegrensene og delteke i landsdekkande konferansar utan å bevege oss ut frå kontoret og etterkvart vart det innført heimekontor og.

**Oppgåver:** Regionrådet bestod av 19 kommunar og vi bistod mange kommunar som trong hjelp med å realisere vedtaka i sine energi og klimaplanar, med dei krav Stortinget har vedteke av omsyn til reduksjon av utslepp av klimagassar med 45% innan 2030. **Vi arbeider for å STOPPE KLIMAENDRINGANE**

**Økonomisk netto gevinst på 44,25 mill.kr.** Vi har gjennomført ulike energi reduserande tiltak i fylgjande kommunar: Giske , Haram, Norddal , Sandøy, Sande, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Vanylven, Vestnes, Ørskog, Volda og Ålesund. Ved utgangen av 2019 var det skifta ut ca. 10165 HQL armaturar med nye LED armaturar, enøk investeringar og EPC kontraktar. Den totale akkumulerte energireduksjonen for alle tiltaka var pr 31.12.2019 berekna til 55.312.500 kWh. Siste året har det akkumulerte beløpet auka med ca. 9,5 mill. kr. Slik at akkumulert gevinst pr 31.12.2020 blir ca. 44,25 mill.kr.

**EPC kontraktar:** Vi har arbeidd for å få i stand EPC-kontraktar (energispare kontraktar) for raskast mogleg å få realisere det sparepotensialet som er kartlagt ved energimerking og energianalysar. Storhallen i Sykkylven har no vore i drift i vel eit år og resultatet er betre enn kalkulert, 345000 kWh reduksjon i 2019. Stranda kommune signerte EPC kontrakt i mai, reduserte kostnader som følge av dette skal bli på ca. 0,84 mill. kr. pr år. Ferdig stillast vår 2021.

**Tilskot frå ENOVA:** Enova har endra programma sine slik at det no er meir krevjande å søke om midlar enn tidlegare. Ved utgangen av 2019 hadde ENOVA gitt tilsagn på 29,6 mill. kr. Vi har arbeidd med ein søknad for NTNU, Konseptutredning for innovative energi- og klimaløsninger. Den vart innvilga med kr 600000,- som utgjer 50% av prosjektkostnaden. Sunnmøre Regionråd blei engasjert for å sjå på moglegheitene til å nyttiggjere seg av fornybar solenergi i forskjellige former, som tilskots energi til det vassborne anlegget, som termisk energi lagra i energibrønnar og elenergi til erstatning for kjøpt elenergi. Solenergi er ei rein nullutslepps energikjelde, denne bør vi bli flinkare til å utnytte.



*Bilde frå taket på Eidet omsorgssenter. Kanskje det blir slik på NTNU i Ålesund også?*

**Reduksjon av CO2 og 2 graders målet.** Alle kommunane i Sunnmøre regionråd arbeider aktivt for å redusere CO2 utsleppa gjennom å realisere vedtaka i Energi- og klimaplanane. Dei er difor med på å gjere sitt til at verda kan nå to graders målet i 2030. Spesielt innan transportsektoren på land og til sjøs er der eit stort potensiale.

**Hydrogen.** Vi har arbeidd med å auke kunnskapen om hydrogen i distriktet med tanke på at dette skal skape framtidige arbeidsplassar. Vi har delteke på fleire konferansar. Rundt omkring i Norge blir det arbeidd med mange forskjellige prosjekt for å kunne nytte hydrogen som drivstoff innan samferdsels sektoren og som energilager for straum, produsert ved hjelp av fornybar energi (vindmøller, solcellepanel, småkraftverk).

**Brønnbåt med hydrogen som drivstoff.** Vi vart i haust kontakta av Tore Johan Øvstebø og kopla på eit prosjekt som skulle realisere etablering av ein brønnbåt som skulle nytte hydrogen som drivstoff.
Eigaren Hofseth Aqua AS skulle kjøpe hydrogen frå hydrogenfabrikken på Hellesylt. Kjempespennande prosjekt som manglar fullfinansiering.

**Masterplan for berekraftige, offentlege toalett på Sunnmøre.** Det er eit aukande problem at turistar forsøplar naturen ved å gjere sitt fornødande i naturen ved stiar og rasteplassar. Ofte ligg desse plassane nært inntil elvar og vatn som så kan bli forureina av både tarmbakteriar – og andre bakteriar.

19

Vi har arbeidd i fyrste omgang for å få etablert eit toalett i Slettevikane i Valldal. Her har fylgjande personar vore involvert i tillegg til fleire representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Arne Sandnes, Per Magnus Berdal, Katrin Blomvik, Eva Hove, Karl André Birkhol, Fridjon Døving, Martin Hove og Hilde Sætertrø, prosjektleiar for Nasjonalt program for leverandørutvikling.

**Sunnmørskommunenes klima- og energinettverk.**
Miljødirektoratet oppretta ordninga KLIMASATS i 2019-støtte til klimatiltak. Dette er ei ordning som er administrert av Miljødirektoratet. Ein kan søke på midlar til ulike tiltak innan energieffektivisering. På vegne av 11 kommunar søkte vi om tilskot til å drifte Sunnmørskommunenes klima- og energinettverk med tanke på rullering av klima og energi planane til kommunane, beståande av fylgjande kommunar: Giske, Sula, Hareid, Ulsteinvik, Sande, Vanylven, Ørsta, Volda, Stranda, Norddal, Stordal, Sykkylven og Vestnes. Vi fekk tildelt kr 275000,- som vil gå til dekning av lønn og møtekostnader. Vi legg opp til stor grad av medverknad for at flest mogleg skal engasjere seg i klimaarbeidet. Vi har gjennomført i alt 4 nettverksmøter og 4 møter i styringsgruppa. Som bestod av fylgjande rådmenn: Åse Elin Hole, Stranda, May-Helen Grimstad, Sykkylven, Karl André Birkhol, Norddal, Wenche Solheim, Ørsta og Trond Arne Aglen. I tillegg er Frank Madsøy, direktør for landbruk og Anne Melbø, senior ingeniør hos Fylkesmannen med i styret.

**Innhenting av tilbod på Klimagassregnskap for alle kommunane i nettverket:** Tilbodet ble motteke 15.04.20, 2. kommunar bestilte. Det var Fjord og Stranda. Dette gjorde at desse kommunane kom i gang med å lage eit kunnskapsgrunnlag som skal danne grunnlaget for rullering av ny klima og energiplan. Prosessen har vore god i desse kommunane og dei har laga eit kunnskapsgrunnlag om nå- tilstanden i kommunane.

**Digital spørjeundersøking om klimarelaterte spørsmål** blei sendt ut til kommunar og lokalaviser i slutten av mai. Vi fekk til og med tilgang til NRK lokalradioen for å informere publikum. Vi fekk 454 svar frå enkeltpersonar.

**Samarbeid med kommunane i ROR.** Vi har presentert det arbeidet som blir gjort i nettverket til Alv Reistad som er prosjektleiar for tilsvarande arbeid i ROR og vi har etablert eit samarbeid som alle vil dra nytte av.

**KLIMASNU PRISEN frå Fylkesmannen ble tildelt konserninnkjøp i Ålesund på grunn av dette prosjektet: Kompetanse hevande tiltak for miljøvennleg innkjøp.**
Sunnmøre Regionråd IKS har saman med kommunane Giske, Hareid, Herøy, Norddal, Stranda, Sykkylven, Volda og konserninnkjøp i Ålesund sørga for å søke Miljødirektoratet om midlar til denne stillinga. Miljødirektoratet har gitt eit tilskot på 2.mill. kr. til dette prosjektet som skal vare i 2 år. Prosjektet har etablert eit samarbeid med klimaetaten i Oslo kommune og kommunane Karmøy, Stavanger og Kristiansand .



Det er Sunnmøre Regionråd IKS v/ Einar Haram som var initiativtakar og som skal ha prosjektleiinga for prosjektet. Jonny Indrevåg er sjef for konsern innkjøp i Ålesund. Næringssjef Inge Bjørdal sørga for at søknaden vart sendt i tide til Miljødirektoratet etter ei rask behandling i formannskapa til dei deltakande kommunane med unntak av Ålesund, der Konserninnkjøp tok ansvar.

Dette prosjektet vil gjere det enklare for innkjøparane i den einskilde kommune å oppfylle miljøsatsinga rundt offentlege innkjøp både på strategisk og operativt plan slik at kommunane oppfyller dei nasjonale måla med omsyn til reduksjon av klimautslepp innan 2030.

20



**Økonomisk gevinst for energieffektiviseringsprosjektet.**

**Dei prosjekta som vi har medverka til og er blitt sett i gang og er blitt ferdig stilt, har resultert i ein energireduksjon som har gitt ein økonomisk akkumulert gevinst på ca. 44,25 mill. kr ved utgangen av 2020.**

**FNS berekraftsmål nr 13 STOPP KLIMAENDRINGANE.**




**Vi arbeider for å stoppe klimaendringane ved å handle lokalt.**

Sunnmøre regionråd IKS
Einar Haram
Prosjektleder energieffektivisering

21

# 9. Avslutning

Sunnmøre Regionråd IKS hadde i 2020 5 fast tilsette, 4 menn og 1 kvinne. I styret var det 3 kvinner og 4 menn. Selskapet driv ikkje med produksjon eller anna verksemd som forureinar det ytre miljøet. Arbeidsmiljøet er godt og sjukefråværet er lågt.

I årsrekneskapen er føresetnaden om drift av Sunnmøre Regionråd lagt til grunn, då det etter styret si oppfatning ikkje er forhold som tilseier noko anna.

Ålesund 7. mai 2021

Styret

| | | |
|---|---|---|
| **Vebjørn Krogsæter**<br>styreleiar | **Eva Hove**<br>nestleiar | **Sølvi Dimmen**<br>styremedlem |
| **Bjørn-Halvor Prytz**<br>styremedlem | **Dag Olav Tennfjord**<br>styremedlem | **Harry Valderhaug**<br>styremedlem |
| | Eva Vinje Aurdal<br>styremedlem | |





# 10. Vedlegg

## RESULTATREGNSKAP 2020

| **DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER** | **2020** | **2019** |
|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | |
| Tilskudd kommuner (note 1) | 4 477 084 | 4 567 692 |
| Eksterne tilskudd (note 1) | 1 529 500 | 865 590 |
| Bruk av fond (note 4) | 68 328 | 776 134 |
| Sum driftsinntekter | 6 074 912 | 6 209 417 |
| **Driftskostnader** | | |
| Lønninger, folketrygd, pensjon (note 2) | 4 743 760 | 5 071 016 |
| Andre kostnader (note 3) | 1 329 253 | 1 679 418 |
| Sum driftskostnader | 6 073 013 | 6 750 434 |
| **Driftsresultat** | 1 900 | - 541 017 |
| **Finansinntekter og kostnader** | | |
| Renteinntekter | 39 744 | 79 397 |
| **Årsresultat** (note 9) | 41 644 | - 461 620 |

## BALANSE PR. 31.12.20

| **EIENDELER** | **2020** | **2019** |
|---|---|---|
| Aksjeinnskudd (note 8) | 25 000 | 25 000 |
| Egenkapitaltilskudd KLP | 203 731 | 180 628 |
| | 228 731 | 205 628 |
| **Omløpsmidler** | | |
| Fordringer: | | |
| Merverdiavgift | 163 288 | 167 701 |
| Andre kortsiktige fordringer (note 5) | 358 770 | 383 590 |
| Kundefordringer (note 5) | 67 250 | 140 684 |
| Sum fordringer | 589 308 | 691 975 |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende: | | |
| Bank (note 6) | 1 922 140 | 1 742 362 |
| Sum bankinnskudd, kontanter og lignende | 1 922 140 | 1 742 362 |
| **SUM EIENDELER** | 2 740 179 | 2 639 966 |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | |
| **Egenkapital** | | |
| Opptjent egenkapital | 1 393 718 | 1 855 338 |
| Årets resultat | 41 644 | - 461 620 |
| Sum egenkapital | 1 435 362 | 1 393 718 |
| Bundne midler (note 4): | 267 099 | 335 427 |
| Kortsiktig gjeld: | | |
| Offentlige avgifter | 349 705 | 348 129 |
| Annen kortsiktig gjeld (note 7) | 688 014 | 562 692 |
| Sum kortsiktig gjeld | 1 037 719 | 910 821 |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | 2 740 179 | 2 639 966 |

## NOTER TIL REGNSKAPET

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapslovens bestemmelser og god regnskapsskikk.

**Klassifisering og vurdering av balanseposter.**

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen et år.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet

| **Note 1 - Driftsinntekter** | **2020** | **2019** |
|---|---|---|
| Fjord kommune | 143 722 | - |
| Giske Kommune | 284 836 | 243 399 |
| Haram Kommune | | 274 437 |
| Skodje Kommune | | 136 488 |
| Sula Kommune | 238 288 | 229 939 |
| Ørskog Kommune | | 450 962 |
| Ålesund Kommune | 1 917 246 | 1 370 033 |
| Vestnes Kommune | 172 826 | 168 957 |
| Sandøy Kommune | | 78 857 |
| Stordal Kommune | | 41 740 |
| Norddal Kommune | | 69 710 |
| Stranda Kommune | 411 495 | 132 485 |
| Sykkylven Kommune | 230 821 | 224 550 |
| Vanylven Kommune | 71 250 | 73 407 |
| Herøy Kommune | 189 250 | 188 241 |
| Sande Kommune | 57 250 | 60 312 |
| Ulstein Kommune | 182 250 | 180 622 |
| Hareid Kommune | 111 250 | 112 908 |
| Volda Kommune | 217 250 | 192 169 |
| Ørsta Kommune | 230 250 | 225 976 |
| Andre inntekter | 19 100 | 112 500 |
| | 4 477 084 | 4 567 692 |

Eksterne tilskudd kr. 1 529 500,- er ført på prosjektene.
Herav kr 600 000,- mottatt fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal

24

| **Note 2 - Lønnskostnader** | **2020** | **2019** |
|---|---|---|
| Lønn | 3 802 164 | 3 740 224 |
| Pensjonsutgifter | 360 924 | 569 761 |
| Arbeidsgiveravgift | 564 435 | 628 402 |
| Møtegodtgjørelse/honorar | 16 000 | 100 000 |
| Annen personalkostnad | 238 | 32 629 |
| | 4 743 760 | 5 071 016 |

Lønn til daglig leder utgjorde kr 861 187,- i 2020

I revisjonshonorar er det kostnadsført kr 26.100,- ekskl. mva. Honoraret gjelder fullt og helt revisjon.

Selskapet hadde 2 fast ansatte i 2020 under generell drift, i tillegg til 3 prosjektmedarbeidere.

| **Note 3 - Andre kostnader** | **2020** | **2019** |
|---|---|---|
| Aviser, tidsskrifter | 14 071 | 20 229 |
| Reklame, annonse, trykksaker | 500 | 75 576 |
| Rekvisita, inventar, utstyr | 66 239 | 53 521 |
| IT programvare/drift | 10 000 | 10 000 |
| Telefonutgifter, datakommunikasjon, porto | 81 903 | 71 638 |
| Reiseutgifter | 23 090 | 167 450 |
| Kontingenter | 59 318 | 32 003 |
| Andre kostnader | 21 626 | 59 037 |
| Kurs/Konferanse, bevertning | 301 586 | 680 101 |
| Regnskaps- og revisjonshonorar | 77 100 | 72 500 |
| Konsulenttjenester | 274 609 | 50 650 |
| Husleie | 384 437 | 376 277 |
| Gebyr/omkostninger | 5 525 | 6 928 |
| Leie maskiner, inventar etc | 9 250 | 3 509 |
| | 1 329 253 | 1 679 418 |

| **Note 4 - Prosjektmidler pr. 31.12.20** | **2020** | **2019** |
|---|---|---|
| Prosjekt Pedagogisk koordinator (1090) | | |
| Prosjekt Energiøkonomisering (1130) | | |
| Prosjekt Samhandlingsreforma (1160) | 2 916 | 15 305 |
| Sunnmøre Soningssenter (1260) | 264 183 | 320 122 |
| Sum bundne midler: | 267 099 | 335 427 |

25

| **Note 5 - Kundefordringer** | **2020** | **2019** |
|---|---|---|
| Andre kortsiktige fordringer * | 358 770 | 383 590 |
| Diverse kortsiktige fordringer kundefordringer | 67 250 | 140 864 |
| | 426 020 | 524 454 |

* Det er gitt tilsagn på 350 000 til prosjekt for Sunnmøre Soningssenter. Dette er bokført som en fordring inntil utbetaling skjer.

**Note 6 - Bankinnskudd**

I posten bankinnskudd er det inkludert bundne skattetrekksmidler med kr. 163 288,-

**Note 7 - Kortsiktig gjeld**

Annen kortsiktig gjeld består av avsatt ferielønn og leverandørgjeld.

**Note 8 - Aksjeinnskudd**

Utviklingsforum for Ålesund Lufthavn Vigra AS

**Note 9 - Årsresultat**

Årsresultatet blir ført mot egenkapitalen



**Sunnmøre Regionråd IKS**
Nettadresse: www.sunnmoreregionrad.no
Besøksadresse: Borgundvegen 340, 6009 Ålesund, Norge
Postadresse: Postboks 1521, 6025 Ålesund
Tlf. 70 16 20 00
E-post: post@sunnmoreregionrad.no

## Utvikling gjennom samarbeid

### Årsmelding
Årsmeldingen er et fellesprodukt med bidrag fra prosjektleiarane og administrasjonen.

### Redaksjon
Torunn Måseide

### Grafisk design og trykk
Hustrykkeriet | Ålesund kommune

### Bilder i årsmeldinga
Torunn Måseide Jan Kåre Aurdal Sunnmøre Regionråd Shutterstock.com